



Avisgruppa i Hobbyklubben har gjort ein flott jobb med Uskedalsposten.

Julenummeret av populære Uskedalsposten er klar til trykking, og frå tysdag vil det vera i salg på dei faste utsalgsplassene. Avisgruppa i Hobbyklubben, Matilda Valvatna Kristiansen, Karoline E. Myklebust, Helene Myklebust, Anna Elisabeth S. Eik, Ruth Maria Myklebust, Karsten H. Bjørnebøle og Torbjørn Haugland, kan saman med leiarane Jon Harald Kjærland og Tore Mathiesen vera stolte over produktet sitt.



[Tidlegare redaktør, Ola Matti Mathisen, bidrar også med interessant stoff i dette nummeret.](#)

I julenummeret finn vi variert, godt og interessant stoff som vi kan kosa oss med i julehøgtida. Dette er første nummeret der redaktøren frå starten, Ola Matti Mathisen, ikkje er i redaksjonen, men han er delaktig også denne gongen. Til Reidar Myklebust og Thor Inge Døssland har han fortalt om si barndoms jul på Finnskogen, og dei to har skrive ned sitat av dette. I tillegg har Kristian Bringedal skrive om dette pressehistoriske fenomenet. Artiklane er krydra med svært kjekke bilete frå privatarkivet til Matti.

Kristian Bringedal har også presentert eitt av dei nye firma i bygda, Uskedal Røyr & Multisevice.

I ein omfattande og svært interessant artikkel får vi bli betre kjent med kulturmannen og den tidlegare læraren på Haugland skule, Andreas Haugland. Det er barnebarnet hans, Astrid Haugland, som har skrive, og for undertekna var desse sidene svært interessanne og lettlesne. Også her var mange kjekke bilde.



[Andreas Haugland får blomar av Inga Tveito og musikklaget på 85-årsdagen.](#)

Bjarne Lilleaas er ein svært god skribent, og det er på høg tid at han debuterer i Uskedalsposten. I 'I Poseidons rike' let han oss ta del i opplevelsane sine på ein av sine mange seglturar, denne gongen med utgangspunkt i Aten.

Dei unge journalistane har også bidrege med mykje godt stoff. Helene Myklebust har eit flott intervju med Uskedalen sin 'maraton-konge', Steinar Kroka. Dei har julebrus-test og dei kjem med tips til julegodt. Dei har spurt 8 konfirantar om juleønska deira, og dei har ein kjekk presentasjon av avisgruppa. Andakt høyrer med i kvart nummer av Uskedalsposten. Denne gongen er den skriven av Reidar Ådnanes, sokneprest i Husnes og Holmedal sokn, men som også er godt kjend her i bygda.



[I Poseidons Rike](#)

Tidlegare nummer av Uskedalsposten finn de ved å klikka dåke inn via **Uskedalsposten** i spalta til venstre.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå Uskedalsposten.